



Til  
Rogaland fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Vestlandsrådet

## **NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP) 2018-2029 FRÅSEGN 02.05.2016 frå Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13**

### **Generelt til alle 3 fylka og til Vestlandsrådet.**

Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 er eit samarbeidselskap for utvikling av den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet og gjeld 18 kommunar og går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Rv/Fv 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Det er Riksvegstatus på strekninga Sandnes- Jøsandal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella/Dragsvik (- med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde og turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde – Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal – Forsand.

Selskapet si rolle er å fremja Rv/Fv 13 i arbeidsfeltet mellom offentlege og private store aktørar, på tvers av fylkesgrensene og som viktig aktør for regionbygging på indre Vestland.

**I/S Fjordvegen Rute 13 vil med dette gje innspel til dei 3 fylka som igjen skal uttala seg til Samferdselsdepartementet om framlegg til NTP 2018-2029 frå dei statlege transportetatane og Avinor:**

#### **1. I/S Fjordvegen Rute 13 krev 2 mrd. årleg i heile planperioden til rassikre og trygge vegar.**

Rv 13 har fleire av dei alvorlegaste raspunktane og rasstrekningane i Noreg. Rassikre vegar må vera eit minstekrav for å ta heile landet i bruk og skapa busetnad og næringsutvikling i distrikta. Dette gjeld skulevegar, pendlarvegar, næringstransport og ikkje minst fritidsreisande i nokre av landets største reiselivsregionar som ligg langs Rv/Fv 13. Heile strekninga for Rv/Fv 13 har rasutsette parti og arbeidet med å sikra desse må prioriterast i første del av planperioden for NTP 2018 – 2029.

I/S Fjordvegen krev også at målsetjinga frå Nasjonal rassikringsgruppe om at alle offentlege vegar skal vera rassikra innan 2030 vert fulgt opp gjennom løyvingar i NTP.

#### **2. I/S Fjordvegen forventar gul stripe på riksvegstrekningane våre.**

Rv 13 er riksveg og I/S Fjordvegen forventar riksvegstandard med gul stripe og vegbreidde på 8,5 m, i visse parti 7,5 m, og tilfredstillande geometri.

**3. I/S Fjordvegen Rute 13 krev slik prioritering til investeringar for Rv/Fv 13 i NTP 2018 – 2029. Denne prioriteringa gjeld samla for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylker:**

- A. Svært viktige vegprosjekt med stor samfunnsnytte:**
- |                             |                            |
|-----------------------------|----------------------------|
| 1. Rv 13 Vikafjellstunnelen | Hordaland/Sogn og Fjordane |
|-----------------------------|----------------------------|
- B. Sikra sær s rasutsette vegparsellar:**
- |   |           |
|---|-----------|
| 1. Rv 13 Lovraeidet – Rødsliane           | Rogaland  |
| 2. Rv 13 Øvre Lonevatn og Brattlandsdalen | Hordaland |
| 3. Rv 13 Odda – Tyssedal                  | Hordaland |
- C. Trafikksikringstiltak:**
- |                         |           |
|-------------------------|-----------|
| 1. Rv 13 Kinsarvik – Bu | Hordaland |
|-------------------------|-----------|
- D. Sikra øvrige rasutsette vegparsellar**
- |  |           |
|--|-----------|
| 1. Rv 13 Melkeråna – Årdal ( lang tunnel ) | Rogaland  |
| 2. Rv 13 Kvassdalen                        | Hordaland |
| 3. Rv 13 Oddadalen                         | Hordaland |
| 4. Rv 13 Lovra – Lovraeidet                | Rogaland  |

**4. I/S Fjordvegen er samd med transportetatane om prioritering av drift vedlikehald er naudsynt for å ta att lang tids etterslep og støttar ei planramme tilsvarende minst «Høg ramme» i NTP.**

Det vil ikkje vera mogeleg å nå vedtekne nasjonale mål utan å løyva minst «Høg ramme» som grunnlag for NTP 2018-2029. Noreg har hamna håplaust på etterskot både i forhold til vedlikehald og investeringar, både når det gjeld veg og jernbane. Dei prioriterte prosjekta i pkt. 3 må i størst mogeleg grad prioriterast i første del av planperioden.

**5. I/S Fjordvegen forventar at Nasjonal Turistvegar og vegutbygging i langs Rv 13 må arbeida saman.**

Det er svært positivt at Nasjonale Turistvegar vil satsa vidare i eit spleiselag med fylkeskommunar og kommunar om utvikling av dei 3 Nasjonale Turistvegar-strekningane langs Rv/Fv 13: Turistveg Ryfylke, Turistveg Hardanger og Turistveg Gaularfjellet. Men skal ein halda ei forventa framdrift, er det nødvendig at Staten aukar løyvingstakten på investeringane i Nasjonale turistvegar.

**6. Finansiering av Fylkesvegane:**

I/S Fjordvegen forventar at Staten følgjer opp fylkesvegane med betydelege midlar slik at fylkeskommunane kan vera aktiv vegeigar med både drift, vedlikehald og investeringar.

I/S Fjordvegen viser også til kommunane/herada sine mogelege eigne meir spesifikke uttalar til NTP 2018-2029.

Kinsarvik 02.05.2016

I/S Fjordvegen Rute 13

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar  
[www.fjordvegen.no](http://www.fjordvegen.no)